

Ulsbu

Av Knut Raastad, 2017



Ulsbu ligg i øvre Nordherad aust for Berge. O. Rygh nemner i Norske Gaardnavne at namnet kjem av mannsnamnet Ulv (Ulfr). Namnet har vore skrivi Vlsboe 1668 og Ulsboe 1723.

Ulsbu er fyrst nemnd i 1610 og kan vera teke i bruk att etter øydetida om lag på denne tida. I landskatten 1610 skattar Endre på Ulsbu som husmann, frå 1617 skattar Endre for øydegard. Endre hadde sonen:

Daffind f.ca.1612, neste brukar

Koppskatten 1645 nemner Daphind Ulsboe og hans hustru. Matrikkelen 1647, jordebok 1661 og manntalet 1666 nemner Ulsboe som «ødegård» med skyld ½ hud og oppsitjaren var Daffin Endresøn f.ca.1612. Matrikkelen 1668 nemner Dagfind Ulsboe og at garden var på ½ hud som tilhørde prestebolet. I 1673 var det skifte etter Daffind Endresen Ulsbu. Han var gift med Anne Pedersdotter (skifte etter henne 1684). Daffind og Anne hadde 2 barn:

Jon f.ca.1650, neste brukar

Hans f.ca.1653

Matrikkelen 1668 nemner at Ulsbu hadde Nistingen som sommarseter.

I 1680 er nemnd Jon Ulsbu, landherre er sokneprest Eggert Stockflet. Og i 1701 var det skifte etter Jon Daffindsen, han var gift med Aagaat Svendsdtr. u. Visdal dotter til Svein Jonson og Eli Olsdtr. Aagaat skifta i levande live i 1717. I 1720 er det bygselseddel frå presten til enkja Ågot Ulsbu på 7 skinn i Ulsbu. I 1723 var det på Ulsbu i skyld 2 skinn som Ivar Kleppe eigde i tillegg til 7 skinn som tilhørde presten. Skylda hadde dermed auka frå 6 skinn (1/2 hud) i 1668 til 9 skinn. I 1721 er på Ulsbu også nemnd Ola Sveinson Visdal, kanskje har han flytta dit for å hjelpe systera Ågot etter at ho vart enkje. Jon og Aagaat hadde 6 barn:

Peder Jonsen, i København i 1717

Svend Jonsen, myndig i 1717, neste brukar

Daffind Jonsen, myndig i 1717

Elli Jonsdtr., gift i 1717

Anne Jonsdtr., 28 år og ugift i 1717

Marit Jonsdtr., i 1717 nemnd som gift med Oluf Knudsen

Svend Jonsen var neste brukar, han hadde 4 barn:

Jon Svendsen, neste brukar

Peder Svendsen f.ca.1722, seinare brukar

Anna død før 1778, hadde dottera Rønnoug Jonsdotter g.m. Ole Knudsen

Marit død før 1778, hadde døtrene Marit Nilsdtr. f. ca. 1757, gift Grindstuen

Brit Nilsdtr. g.m. Knud Paulsen Varphougen

I 1744 bygsla soknepresten bort Ulsbu skyld 7 skinn til Jon Svendsen Ulsbu. Jon var død og det var skifte i 1778, han var gift med Sigrid Engelsdtr. død og skifte i 1778.

I 1753 har Jon Svendsen gjeve frå seg bygselen, og broren soldat Peder Svendsen får bygsel. Soldat Peder Svendsen d. 1798 80 år vart 1756 gift med Anne Hansdotter f.ca.1732 d.1810. Peder og Anne hadde 6 barn:

Svend Pedersen 1761-1829, neste brukar

Marit 1757-1763

Mari 1759-1763

Mari f.1764, folketeljinga 1801 nemner sonen hennar Arne Knutsen 9 år

Hans f.1766

Ole f.1770

Svend Pedersen vart 1793 gift med Imbjør Nielsdtr. Visdal f.1771, d.1847. I 1797 var det føderådskontrakt mellom Svend Pedersen Ulsbu og foreldra Peder og hustru. Same året fekk Svend Pedersen bygsel på mensalgarden Ulsbu skyld 7 skinn.

Svend og Imbjør hadde 5 barn:

Anne f. 1796, gift med Anders Johnsen Grindstuen

Else f. 1799, gift med Jon Syversen Hølmo

Peder 1803-1875, neste brukar

Nils 1808-1842, ugift

Marit f.1812

I 1848 fekk Peder Svendsen skjøte på Ulsbu frå staten. Peder Svendsen vart 1829 gift med Ingebor Olsdtr. Nyrnes 1812-1889, dei hadde 9 barn:

Ingeborg 1830-1830

Imbjør 1831-1832

Svend f.1833, d.før 1889, gift med Margrethe Paulsdtr. Bottembrekka 1830-1902 Lesja, i Ulsbustugu,

Ole f. ca. 1835, d. før 1889

Mari f. 1840, d. før 1889

Nils f. 1843, til Sunnmøre

Imbjør 1847-1847

Peder f. 1848, til Sunnmøre

Anne f. 1851, gift med Knut Knutsen, i nørdre Trollaldalen

I 1864 var det tinglyst føderådsbrev til Peder Svendsen og kone. I 1865 var Peder Svendsen føderådsmann, men hadde flytta til Ulsbustugu.

I 1865 var Ole Johnsen Brattland 1813-1872 gardbrukar og sjølveigar på Ulsbu. Han var gift med Gunhild Halvorsdtr. Fellesløyken f.1816 d. etter 1875, dei var tidlegare husmenn i Dalen under Kvarberg. I 1875 er det enkja Gunhild som bestyrer garden, i 1878 har ho skrivi pantebrev. Ei Gunhild Halvorsdotter 68 år utvandra til Larimore i Amerika i 1883, det er mogleg det kan vera ho. Ole og Gunhild hadde 8 barn:

Gunhild. 1840, gift 1877 med Ole d.y. Erlandsen Aabakken f. 1838, til USA 1878

Johannes 1844-1845

Johannes 1846-1863

Anne 1850-1850

John f. 1851 d. etter 1875

Hans 1856-1856

Anne f. 1858 d. etter 1875

Hans f. 1863 d. etter 1875

I 1892 var det auksjonsskjøte til Knut Kristoffersen megarde Storvik for 2000 kr. Knut 1858-1925 var gift med Ragnhild Olsdotter 1856-1938, dei hadde 1 barn:

Rønnaug 1887-1960, neste brukar

Rønnaug 1887-1960 vart gift 1913 med Sigurd Kristoffersen Grevrusten 1889-1961. I 1938 var det hjemmelsovergang på Ulsbu til Rønnaug Ulsbu.

Rønnaug og Sigurd hadde 5 barn:

Ragnhild f. 1920, gift. m. Kristian Bakken f. 1907

Knut 1921-1984

Ragna Marie f. 1922

Kari f. 1927-1968, gift. 1958 m. Ola Høgberget f. 1927

Kristoffer Sverre f. 1928, gift 1971 med Mari Bakke f. 1924

Eigarar 1957-1989 var Kristoffer og Knut Ulsbu.

Gardstunet vart frådelt som gnr. 82 bnr. 2 og seld til Bente og Finn Bendixen som feriestad i 1989. Jorda vart seld til nabobruket Mork gnr. 76 bnr. 4.

I 1668 vart det på Ulsbu fødd 8 fe, det var 1 hest og det vart sådd 2 tønner.

I 1865 var det på Ulsbu 2 hestar, 11 kyr, 22 sauer, 8 geit og 2 grisar. Det vart sådd 1/4 tønne rug, 3 ½ tønner bygg, ½ tønne blandingskorn, 1/8 tønne erter og 4 tønner poteter.

Kjelder:

P.Ø.Kvarberg 2000: Slechter i Vågå og Lom

Norske Gardsbruk 1953 – 1997

Folketelling 1801, 1865, 1875, 1900

Utskrifter kyrkjebok for Vågå

Opplandsarkivet Vågå: familieark, utskrifter pantebøker / skifteprotokollar

Koppskatten 1645, matrikkel 1647, manntal 1666, matrikkel 1668, skoskatten 1711

Jakup Skjedsvoll: notat om Ulsbu på 1600-talet